



Saksframlegg

Klage - dispensasjon for fradeling av hyttetomt - Bjåstøyl gbnr. 39/3

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for plan og miljø		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Hovudutval for plan og miljø

Dokument i saka:

Bakgrunn for saka:

Hovudutval for plan og miljø vedtok i sak 4/25 05.02.2025 og gi dispensasjon frå LNF føremålet i kommuneplanen sin arealdel for å etablere hyttetomt på gbnr 39/3 i tilknytning til tomt 39/27.

Vedtaket er påklaga av Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og villreinnemnda for Setesdalsområdet.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark ved Miljødirektøren finn at det aktuelle tiltaket kjem i vesentleg konflikt med nasjonale interesser knytt til viktige funksjonsområde for villrein. Miljødirektøren påklagar kommunens vedtak av 05.02.2025. Dei ber om at vedtaket blir omgjort slik at søknad om dispensasjon blir avslått.

Villreinnemnda meiner nasjonale og regionale villreininteresser er vesentleg tilsidesett i saka, og kan heller ikkje sjå at fordelene med å gi dispensasjon er større enn ulempene knytt til omsynet til villreinen. Fordelene ved ein dispensasjon er av personleg karakter, noko som normalt ikkje har avgjerande vekt i dispensasjonssaker. Dermed er ikkje vilkåra for å kunne gi dispensasjon til stades.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Legge til rette for vidare utbygging av eksisterande og vurdere nye område for fritidsbustad.

Statsforvaltaren peikar på at området kjem i konflikt med viktige funksjonsområde for villrein. Bakgrunnen for dette må vere at det i liten grad er definert særskilde funksjonsområde i kunnskapsgrunnlaget til kvalitetsnorma for villreinområdet. Reinen i Våmur Roan går i små flokkar og brukar store delar av området heile året, og heile området er derfor definert som funksjonsområde for sommar haust og vår beite. Det einaste som peikar seg litt ut er vinterbeite i nordområda. Den delen av nordområda som peikar seg mest ut er rundt Roan massivet.

Området ved Bjåstøyl ligg langs Napevegen, som går inn til nordsida av Napevatn og vart bygd i samband med utbygginga av Fjone kraftverk (konsesjon gitt i 1967) der Napevatn er et av magasina.

Reinen vandra inn i område på 1980-tallet og vil slik sett ha kome etter at Napevegen vart etablert. Bjåstøyl støylen har vore her lenger enn vegen til Napevatn. Ved bygging av hytta i 2009 vart det også etablert stikkveg til Bjåstøyl og den nye hytta som er ca. 625 m lang. Dispensasjonen som vart gitt i vedtak i sak 4/25, plasserer ny hyttetomt inntil denne vegen slik at det ikkje vil vere behov for meir vegbygging. Tiltak blir samla på eit forholdsvis lite område, kommunen ser da dette slik at det ikkje er ei bit for bit utbygging, men ei samling av tiltak for å begrense påverknad. Ei ekstra tomt i dette området vil ikkje gje nokon nemneverdig endring i samla belastning for villreinområdet. Området er ikkje av dei som har stor bruksfrekvens, det er ingen tilrettelegging som tiltrekker seg folk som ikkje har anna tilknytning i området.

Den mest sårbare perioden for villreinen vil vere kalvingsperioden. I denne perioden vil det naturleg vere mindre folk i heia, da dette er ein perioden med dårlegare føreforhold som gjer det vanskelegare og ferdast i terrenget og vegane blir brukt minst mogleg for å spare dei i vårløysinga.

Kvalitetsnormas klassifisering av villreinområde Våmur-Roan syner samla middelskvalitet. Delnorm 1 og 3 har god kvalitet, delnorm 1 er bestandsamansetning og 3 er funksjonell arealutnytting, delnorm 2 - lavbeite er sett til middels kvalitet. Villreinstammen i Våmur Roan er liten, med eit bestandsmål på ca. 200 dyr. Området har lite utveksling med naboområder. At kvalitetsnorma er sett til middels kvalitet på lavbeiter må tilskrivast den naturlege vegetasjonssamansetninga i området, med lite høge fjell som gir mindre del lav. Reinen i Våmur Roan beiter meir i skogen, lyng og lav frå trær. Dette har ikkje endra seg etter at reinen kom til området og den er tilpassa denne typen beiter. At dette gjer at klassifiseringa av området blir sett til middels må kunne seiast å vere ein svakheit i systemet, all den tid dette er slik det alltid har vore i område og ikkje vil kunne endrast.

Konklusjon:

Med bakgrunn i vurderinga er ein i den meining at tiltaket ikkje kan seiast og vere ei bit for bit utbygging. Plassering er lagt saman med eksisterande tiltak.

Reinen i Våmur Roan er meir tilpassa eit liv i skogsterreng og toler noko kortare avstand til menneskeleg påverknad og dette tiltaket vil ikkje forringe villreinområdet i nemneverdig grad.

Med bakgrunn i dette vel ein å oppretthalde vedtaket i sak 4/25.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Hovudutval for plan og miljø finn ikkje grunn til å ta klagen frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Villreinnemnda for Våmur Roan til følgje.

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-12, jf. § 1-9, blir klagen send til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark med følgjande fråsegn:

Kommunen sluttar seg til vurderinga til kommunedirektøren slik ho går fram av dette saksframlegget, og meiner at klagen ikkje bør takast til følgje.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Mona Gundersen
	avdelingsingeniør